

Støtteordning for opne norskspråklege tidsskrift

Utlysning for 2027–2030

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) lyser ut tilskot i Støtteordning for opne norskspråklege tidsskrift for perioden 2027–2030.

Søknadsfrist: 7. mai 2026 kl. 12.00 (norsk tid).

Kven kan søke?

Målgruppa for ordninga er norskspråklege vitskapelege opne tidsskrift av høg kvalitet som har behov for økonomisk støtte for open publisering, fortrinnsvis diamant open tilgang. Utlysinga er open for fagområda humaniora, samfunnsvitenskap, medisin og helsefag, og realfag og teknologi.

Formål

Formålet med denne utlysinga er å mogleggjere publisering av norskspråklege opne vitskapelege tidsskrift av høg kvalitet for å gi gratis og fri (utan restriksjonar) tilgang til resultat frå offentleg finansiert forskning.

Kva kan ein søke om?

Det kan søkast om inntil 550 000 kroner i årleg tilskot per tidsskrift. Tilskotet skal utelukkande brukast til å dekke kostnader direkte knytt til produksjon og digital publisering av tidsskriftet, som ikkje er dekte av andre inntektskjelder.

Kostnader som ikkje blir dekte er honorar til forfattar, redaktør eller redaksjonsmedlemmar, reisekostnader eller bevertning i samband med møter og marknadsføring.

Søkar oppgir årleg støttebeløp. Støtta er fireårig, frå 1. januar 2027 til 31. desember 2030.

Sjå meir utfyllande informasjon under om kva midlane kan brukast til.

Tildeling blir gjort innanfor den årlege budsjettramma for ordninga som blir fastsett av Stortinget.

Kva kan midlane brukast til?

Midlane de søker om kan berre brukast til å dekke kostnadene lista opp under. Kva som er rekna som godkjende kostnader, er avhengig av kven som er utgivar av tidsskriftet – A) forlag eller B) anna type organisasjon, som utdanningsinstitusjon, bibliotek, foreining mv.

A. Godkjende kostnader når forlag gir ut tidsskriftet:

- Forlagsavgift
- Kostnader til produksjon av digital utgåve
- Kostnader til redaksjonssekretær
- Andre kostnader knytt til open publisering

B. Godkjende kostnader når andre type organisasjonar er utgivar

- Kostnader til produksjon av digital utgåve
- Redaksjonssekretær og administrasjon av prosess for fagfellevurdering
- Andre kostnader knytt til open publisering

Sjå budsjettmal- og rettleiing på nettsida til programmet for meir informasjon.

Korleis søke?

Nedanfor finn du informasjon om kva minimumskrav som gjeld for denne utlysinga og kva kriterium søknadene vil bli vurdert ut frå.

Søknader må leverast gjennom HK-dir sin søknadsportal [Espresso](#).

I søknadsskjemaet er det hjelpetekstar som gir rettleiing om kva slags informasjon som er etterspurd i dei ulike felta.

Krav til søknaden

Søknaden må oppfylle følgjande minimumskrav for å bli vurdert:

- Søknaden må vere levert innan søknadsfristen som gjeld for utlysinga.
- Søknaden må vere levert gjennom HK-dir sin søknadsportal (Espresso).
- Søknaden må vere skriven på norsk.
- Tidsskriftet må publisere med open tilgang og vere indeksert i Directory of Open Access Journals (DOAJ). For tidsskrift som ønsker å vende modell frå abonnement til open publisering, må kopi av innsend søknad om å bli inkludert i DOAJ leggst ved søknad.
- Tidsskriftet må vere registrert på nivå 1 eller nivå 2 i Register for vitenskapelig publisering (Kanalregisteret).
- Søknaden må innehalde obligatoriske vedlegg.

Følgjande vedlegg er obligatorisk og må leggst ved søknaden for at søknaden skal bli behandla:

- Utfylt budsjettmal på nynorsk eller bokmål.
- Dersom tidsskrift er utgitt av forlag, legg ved avtale med forlaget der det går fram kva forlagsavgifta dekker av kostnader.
- DOAJ-søknad, dersom det ligg føre og dersom tidsskriftet ikkje allereie er DOAJ-registrert.

Søknader som ikkje oppfyller desse krava kan bli avviste eller bli vurderte som mangelfulle. For søknader med feil vil HK-dir gi ein kort tilleggsfrist for å rette feilen der det er mogleg. Berre påkravde vedlegg vil bli tatt med i vurderinga av søknaden.

Kva blir vektlagt i vurderinga?

Søknader som oppfyller krava som gjelder for utlysinga, vil bli vurdert ut frå følgande kriterium:

Kriterium 1: Den faglege relevansen og kvaliteten til tidsskriftet (30 %)

- 1.1. Tidsskriftet er vurdert av fagmiljøa som eit sentralt tidsskrift i forskingsfeltet eller forskingsfeltet det representerer.
- 1.2. Forskingsaktiviteten i Noreg har tilstrekkeleg omfang til å sikre jamn tilgang til vitenskaplege artiklar av høg kvalitet frå norsk forskning.
- 1.3. Tidsskriftet publiserer artiklar av høg forskingskvalitet.

Kriterium 2: Open tilgang og økonomisk behov (30 %)

- 2.1. Tidsskriftet har ein teknisk infrastruktur som sikrar god drift og tilfredsstillar [diamant-kriteria](#) for open tilgang på ein god måte.
- 2.2. Tidsskriftet har behov for økonomisk støtte for å publisere opent med minimum 50 prosent norskspråklege vitenskaplege artiklar.

Kriterium 3: Norsk språk og tilknytning til norske fagmiljø (20 %)

- 3.1. Tidsskriftet publiserer i hovudsak på norsk¹.
- 3.2. Tidsskriftet sin redaksjon har ei tydeleg tilknytning til norsk fagmiljø.

Kriterium 4: Samfunnsrelevans og bruk utanfor academia (20 %)

- 4.1. Tidsskriftet har interesse og relevans utanfor academia i Noreg, og kan lesast og brukast der.

[Her finn du ei nærare rettleiing om korleis disse kriteria blir forstått og brukt ved vurdering av søknader.](#)

Slik behandlar vi søknaden

Etter søknadsfristen vil Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) gå gjennom alle søknader administrativt for å sjekke at dei tilfredsstillar alle krav til søknaden (sjå punktlista under Krav til søknaden). Søknader som ikkje tilfredsstillar desse krava, vil bli administrativt avviste.

Dei kvalifiserte søknadene vil bli vurdert av ein komité av fagekspertar oppnemnd av HK-dir etter innspel frå Det nasjonale publiseringsutvalget. Kvar søknad vil bli behandla av to fagekspertar ut frå kriteria for ordninga.

¹ Hovudregel er at minst 50 prosent av dei vitenskaplege artiklane er på norsk. Andre skandinaviske språk og samisk er godkjende på linje med norsk.

Kvart vurderingskriterium som gjeld for utlysinga, vil få ein delkarakter i samsvar med vurderingskriteria og karakterskalaen til HK-dir (1–7). I tilfelle der dei to fagekspertane er usamde om karaktersettjninga av søknadene, vil søknaden òg bli vurdert av ein tredje person.

For å kvalifisere for tilskot må endeleg delkarakter vere 4 eller høgare for kriterium 1–3 og 3 eller høgare for kriterium 4. Minst tre av fire delkarakterar må vere 5 eller høgare.

Etter at kvar søknad har blitt vurdert individuelt, vil komiteen gjennomføre eit konsolideringsmøte der dei blir einige om ei anbefaling om tildeling basert på den rangerte lista. Endeleg vedtak om tilskot blir fatta av HK-dir basert på anbefalinga frå komiteen.

Komiteen kan positivt prioritere søknader etter ei heilskapleg vurdering av rangeringslista, der han i anbefalinga si tek omsyn til fagleg breidde i totalfordelinga og dei overordna formåla i ordninga. Det kan i praksis føre til at tidsskrift med lågast poengsum frå godt representerte fagfelt kan bli nedprioritert framfor tidsskrift frå underrepresenterte fagfelt.

Komiteen kan òg tilrå at tilskotet blir redusert dersom beløpet det er søkt om framstår urimeleg høgt eller urealistisk, eller dersom ein reduksjon blir vurdert nødvendig for å oppnå ei tilstrekkeleg breidde i fordelinga av midlane.

Når kan du forvente svar på søknaden?

Alle søkarar vil bli informerte om utfallet av søknadsprosessen. Vi anslår at vedtak om tilskot vil bli sende ut medio september. Ei grunngiving for karaktersettjninga vil følgje som vedlegg til vedtaka.

Kva vilkår vil gjelde for prosjekt som får tilskot?

Ordninga sine standardvilkår for prosjekttilskot vil gjelde ved gjennomføringa av prosjekt som får tilskot. Søkar forpliktar seg mellom anna til å rapportere innan fristar fastsette av HK-dir.

Kontaktpersonar

Treng du rettleiing undervegs? HK-dir kan svare på spørsmål om utlysinga, men kan ikkje lese gjennom eller kommentere på konkrete søknadsutkast. Rettleiing kan skje på e-post, over telefon eller i videomøte. Ta gjerne kontakt på e-post tidsskriftordninga@hkdir.no eller med ein av dei ansvarlege for utlysinga i HK-dir på telefon 55 30 38 00:

- [Sandnes, Guro](#)
- [Moberg, Anja](#)

Om Støtteordning for opne norskspråklege tidsskrift

Støtteordning for opne norskspråklege tidsskrift byggjer på nasjonale mål om at offentleg finansiert forskning skal vere opent tilgjengeleg, slik det blei slått fast i ei rekke stortingsmeldingar. Regjeringa ønskte å gjere norsk forskning meir tilgjengeleg både i og utanfor academia, og ein etablerte derfor ei ordning som skulle støtte opne, norskspråklege vitskapelege tidsskrift i humaniora og samfunnsvitskap. Målet var både å sikre publisering på norsk av høg kvalitet og å støtte tidsskrift som ikkje kunne dekkje kostnadene sine knytte til open publisering gjennom abonnement åleine.

Handlingsplanen for norsk språk i academia og seinare nasjonale strategiar for forskning og publisering har understreka behovet for å styrkje norsk fagspråk, motverke nedgang i vitenskapleg publisering på norsk til fordel for engelsk og sørgje for gode norskspråklege publiseringskanalar. Ordninga er derfor eit sentralt verkemiddel for å sikre opne, norskspråklege diamanttidsskrift og bidra til at målet om full og open tilgang til forskingsresultat kan nåast, samstundes som norsk språk og norsk fagoffentlegheit blir tekne vare på.

I Meld. St. 14 (2024–2025) Sikker kunnskap i en usikker verden varsla regjeringa at dei vil «*sørge for at Den nasjonale støtteordningen for åpne norskspråklige tidsskrifter i humaniora og samfunnsvitenskap (NÅHST) utvides for å sikre gode norskspråklige diamanttidsskrifter og norsk som fagspråk på flere fagområder*». Årets utlysning er difor utvida til å gjelde medisin og helse, og realfag og teknologi i tillegg til humaniora og samfunnsvitenskap, og namnet til ordninga er endra til Støtteordning for opne norskspråklege tidsskrift.

Ordninga er ei oppfølging av stortingsmeldingane Meld. St. 25 (2016–2017) [Humaniora i Norge](#) (Humaniorameldinga), Meld. St. 5 (2022–2023) [Langtidsplan for forskning og høgare utdanning 2023–2032](#) (LTP), Meld. St. 14 (2024–2025), [Sikker kunnskap i en usikker verden](#) (Systemmeldinga) og [Handlingsplan for norsk fagspråk i academia](#) (2023).

I tillegg til stortingsmeldingar og handlingsplanen er [Strategi for norsk vitenskapelig publisering etter 2024](#) ein nyttig ressurs for å forstå bakgrunnen for ordninga.

Ordninga er finansiert av Kunnskapsdepartementet.